



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 29.04.2021  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 12:30 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
028/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/2021	Godkjenning av møtebok
030/2021	Årsrekneskap 2020 - Masfjorden kommune
031/2021	Årsmelding 2020 Masfjorden kommune
032/2021	Finansreglement
033/2021	Klage på vedtak om godkjenning av reguleringsplan for Kvamme gnr. 32 bnr 6 m.fl.
034/2021	Ynskje om å kjøpe ein bustadtomt til i Skolten bustadfelt
035/2021	Tilbod om middag og sosialt samvær til pensjonistane i kommunen
036/2021	Samarbeidsavtale PPT
037/2021	Svar på søknad om tilskot til restaurering av Shetlandsgjengens slipp i Scalloway - Shetland
038/2021	Delegerte saker
039/2021	Referatsak

**028/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 028/2021 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend.**

---

**029/2021: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 029/2021 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **030/2021: Årsrekneskap 2020 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsrekneskapen 2020 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Både drifts- og investeringsrekneskapen 2020 er avslutta i balanse.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personaleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 030/2021 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2020 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Både drifts- og investeringsrekneskapen 2020 er avslutta i balanse.**

---

## **031/2021: Årsmelding 2020 Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2020 vert teken til vitring.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 031/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2020 vert teken til vitring.**

---

## **032/2021: Finansreglement**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. april 2021 for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre I sakstifanget

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 032/2021 VEDTAK:**

**Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. april 2021 for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre I sakstifanget**

---

**033/2021: Klage på vedtak om godkjenning av reguleringsplan for Kvamme gnr. 32 bnr 6 m.fl.**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet tek ikkje klagen frå Rune Eivind Gjøen dagsett 19.03.2021 til følge.

Det vert vist til grunngjevinga i saksframlegget nedunder frå rådmannen.

Saka vert sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming i medhald av plan- og bygningslova sin § 1-9, jf forvaltningslova sin § 28.

**29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 033/2021 VEDTAK:**

**Formannskapet tek ikkje klagen frå Rune Eivind Gjøen dagsett 19.03.2021 til følge.**

**Det vert vist til grunngjevinga i saksframlegget nedunder frå rådmannen.**

**Saka vert sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming i medhald av plan- og bygningslova sin § 1-9, jf forvaltningslova sin § 28.**

-----

## **034/2021: Ynskje om å kjøpe ein bustadtomt til i Skolten bustadfelt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv inn framlegg til vedtak her

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Søker får kjøpe ei bustadtomt til i Skolten bustadfelt på vanlege vilkår

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

### **FS - 034/2021 VEDTAK:**

**Søker får kjøpe ei bustadtomt til i Skolten bustadfelt på vanlege vilkår.**

---



## **035/2021: Tilbod om middag og sosialt samvær til pensjonistane i kommunen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune ynskjer at eldre over 65 år busette i kommunen får møtast til måltid og sosialt samvær på serveringsstadene i kommunen når samfunnet opnar opp att. For å få dette til vil Masfjorden kommune gje økonomisk stønad til drosjenæringa og serveringsstadene slik at dei kan tilby rimeleg skyss og måltid. Slik kan ein unngå at økonomiske tilhøve er til hinder for å møtast.

Det er eit mål å få etablert eit slikt tilbod ein dag i veka i mai og juni 2021. Tilbodet bør etter det evaluerast og vurderast vidareført som ein del av «Leve heile livet – reforma».

Rådmannen får i oppdrag å gå i dialog med serveringstadene og drosjenæringa i kommunen og prøve få til samarbeid om eit slikt tilbod til eldre over 65 år i kommunen.

Finansiering: Tiltaket er søkt finansiert gjennom statleg tilskotsordning – Eldre ut på middag. Statleg tilskot er ein føresetnad for gjennomføring av tiltaket.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 035/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune ynskjer at eldre over 65 år busette i kommunen får møtast til måltid og sosialt samvær på serveringsstadene i kommunen når samfunnet opnar opp att. For å få dette til vil Masfjorden kommune gje økonomisk stønad til drosjenæringa og serveringsstadene slik at dei kan tilby rimeleg skyss og måltid. Slik kan ein unngå at økonomiske tilhøve er til hinder for å møtast.**

**Det er eit mål å få etablert eit slikt tilbod ein dag i veka i mai og juni 2021. Tilbodet bør etter det evaluerast og vurderast vidareført som ein del av «Leve heile livet – reforma».**

**Rådmannen får i oppdrag å gå i dialog med serveringstadene og drosjenæringa i kommunen og prøve få til samarbeid om eit slikt tilbod til eldre over 65 år i kommunen.**

**Finansiering: Tiltaket er søkt finansiert gjennom statleg tilskotsordning – Eldre ut på middag. Statleg tilskot er ein føresetnad for gjennomføring av tiltaket.**

---

## **036/2021: Samarbeidsavtale PPT**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med PPT Fensfjorden, og avtalen gjeld frå 1.1.2021.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

### **FS - 036/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med PPT Fensfjorden, og avtalen gjeld frå 1.1.2021.**

---

**037/2021: Svar på søknad om tilskot til restaurering av Shetlandsgjengens slipp i Scalloway  
- Shetland**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til restaurering av slippet i Scalloway, finansiert over tilleggsløyvingar/pott formannskapet.

**29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 037/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til restaurering av slippet i Scalloway, finansiert over tilleggsløyvingar/pott formannskapet.**

---

## **038/2021: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

## **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

### Delegerte saker:

Melding om delegert vedtak - søknad om rammeløyve til oppføring av bustadhus og søknad om igangsettingsløyve til grovplanering - gbrn 24/10

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 038/2021 VEDTAK:**

**Delegerte saker vert tekne til orientering**

---

## **039/2021: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Oppmålingsingeniør Kjersti Soltvedt orienterte om status Interkommununal plan for sjøområda i Nordhordland

#### Referatsaker:

Skriv 1: Utkjøp av fritidsbustad gbnr 18/97

Skriv 2: Bevaring av verdifull natur, faglig vurdering av foreslåtte området i kategori nasjonalpark

Skriv 3: Vedtak - Masfjorden - gbnr 52/10 mfl - reguleringsplan for Matre næringsområde

#### Orientering frå rådmannen:

- kommunestyret 6.mai vert på Nordbygda skule
- oppvekstleiar Rita Ludvigsen orienterte om staus revidering av retningslinjer for ungdomsrådet saka går direkte til kommunestyret 6.mai.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 039/2021 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 29.04.21 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar